



**Styret i båtlaget kjem no med ei oppmoding til alle småbåteigarane: Få båtane på land så fort som mogeleg! Dette gjeld imidlertid ikkje berre den indre flytebyggja, men heile hamna. På den måten kan dei som er igjen på flytebyggja verta omplassert.**

Den skal som kjent fjernast og erstattast av ei ny. Laget har ikkje fått endeleg dato for levering, men mest truleg vil det skje i løpet av denne månaden.

Hvis nokon har båthengjarar ståande tomme er det bra. Då kan dei lånast ut til båtar som må fjernast.

Flytebyggja skal skiftast ut på grunn av tiltakande rustproblem, men den nye vert ikkje større enn den noverandre.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen